

Registrering av historiske hagar i Sogn - pilotprosjekt

Raunehaug frukthage

Er huset registrert i SEFRAK: nei Reg.nr. i SEFRAK:	Er hagen registrert tidligere: nei
--------------------------------------------------------	---------------------------------------

Namn: Raunehagen	Eigar: Knut og Torun Eldtun	Kommunenr: 1422
Byggeår hus: Stilart, hus:	Adresse: Tønjum	Kommune: Lærdal
Lokalt namn: Raunehagen	Brukar: Knut Eltun Adresse: Tønjum	G.nrB.nr: 17-1
Opphavlig funksjon: Husmannsplass/frukthage	Stadnamn: Tønjum	Arealbrukskategori i kommuneplanen: NLF
Noverande funksjon: Frukthage /beite	Hagetype: Frukthage	Reguleringsformål: NLF Vedtak dato:16.04.91



Fotograf: Gyril Fimreite

Historikk:


Ranehagen var husmannsplass under Tønjum frå 1800. Ole Månsen Rauno var kyrkjetenar og hadde ansvar for skjøtsel av hestebeite til kyrkjelyden like ved. Hestebeitet leigde kyrkja hjå gardane Tønjum og Øvregard. Det var Ole Månsen Rauno som planta dei første epletrea. Hagen har god svartjord, var sørvendt og låg lunt til mellom steinura som omkransar området. Det var fleire tre enn dei som står her i dag. Nokre blei erstatta rundt 1950. Dei eldste epletrea frå 1900 kom frå Rikheim gard der ein hadde jordbruksskule på den tida. Langs kanten av steinurda planta Rauno surkirsebærtre. På kanten av urda planta han humle som fekk spreie seg utover steinane. Stikkelsbærbusker blei planta på den andre sida av urda mot det som tidligare var åker. Desse blei nytta til produksjon av stikkelsbærvin. Mor til Ole Rauno budde i Ingastova, lengst nord. Ole bygde opp nye hus på andre sida av hagen. Husmannsplassen vart nedlagt i 1928. På 1930-talet var garden Tønjum på konkursens rand. Anders Tønjum kom heim for å overta bruket og få det på rett kjøl. Ikkje minst med hjelp av gode fruktprisar på den tida klarde han å berga garden frå å gå konkurs. Anders Tønjum planta epletrea etter 1900. Ved jordskiftet i 1959 gjekk Ranehagen over frå Tønjum gard til Øvregard.

(pers med Hans Tønjum).

Informantar:
Hans Tønjum

Fotoarkiv referansar:
Nei

Gamle hageplanar:
Nei



Oversiktskart over Tønjum. Markert området viser registrert område av Raunehaug - hagen

Opphavlig stilart: Husmannsplass	Dagens stilart: Frukthage	Andre endringer:
Anlagt:1800	Anlagt:1900	Årstal:

Skildring av hagen:

Raunehaug frukthage ligg i nærleiken av Tønjum kyrkje og er omgitt av eit vakkert og velstelt kulturlandskap av typen hagemark, som i dag blir brukt til sauebeite. Sør for Raunehaug ligg ein moderne morellhage. Eplehagen på Raunehaug ligg sørvendt og lunt til, inn mot ein steinur. Natur og kulturelement dannar til saman ein vakker og spesiell hage. Frukttree ber fortsett fin frukt men er ikkje blitt stelt på lenge. Epla er kjent for sin gode smak pga. de gode forholda på plassen og er ein viktig genbank for gamle eplesortar. Alle trea frå 1900 er hole innvendig, men ser frodige ut. Dei eldste trea frå rundt 1900 er kraftigare enn dei frå rundt 1950. Dei kom opphavlig frå Rikheim gard og er nok poda på ein kraftigvoksende grunnstamme. I tillegg til Gravenstein finn ein eksemplar av Lærdalseple og Kvit Astrakan. Dei kirsebærtrea som veks her i dag er villskudd frå dei gamle kirsebærtrea. Ein kan fortsett finne stubbar etter desse. Ein og anna stikkelsbærbusk kan ein også finne på andre sida av urda og ved grunnmuren til Ingastova. Vi fann også restar etter humle to plassar langs steinura. Etter husmannsplassen står bare grunnmurane att.

Viktige element: Steinur Steingard Gamle epletre	Vegetasjonens tilstand: Nokre tre er hole Vedlikehald: middels - dårlig	Detaljer: Humle Stikkelsbærbusker
Trær: Prunus cerasus - Surkirsebær Malus domestica - Gravenstein (1900) - Kvit Astrakan (1900) - Lærdalseple (1900) - Gravenstein (1950) Sorbus aucuparia - Rogn Betula pubescens - Bjørk	Busker: Juniperus communis - Einer Ribes uva-crispa - Stikkelsbær	Staudar: Humulus lupulus - Humle
Synfaring, namn: Raunehagen		Dato: 09.10.08
Andre tilstades: Hans Tønjum og Knut Eltun		Andre opplysningar:
Synfaring med fagperson, namn:		Dato:
Synfarringsreferanse: Gyril Fimreite		Verne vurdering: Høg